

# Godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester

## 1. Formål

Formålet med dette reglementet er å gi reglar i samband med arbeidstakar sitt behov for elektroniske kommunikasjonstenester (EK-tenester) som hjelpemiddel av omsyn til tenesta. Det skal vere ein enklast mogleg administrasjon av ordninga. Ordninga skal oppfylle krava i skattelova.

## 2. Avgjerdsmynde

Den som har tilsetjingsfullmakt har fullmakt til å avgjere kven som har behov for å disponere ei eller fleire EK-tenester, og kva rammer i ordninga som skal nyttast.

## 3. Økonomiske rammer

Arbeidsgjevarfinansiert telefon skal til ei kvar tid følgje innkjøpsavtalen til Hordaland fylkeskommune (HFK). Hovudregelen er at dersom arbeidstakar har bruk for mobiltelefon av omsyn til tenesta/funksjonen skal arbeidsgjevar syte for at arbeidstakar har dei nødvendige verkøya. Alle kostnader vert belasta den einskilde eining/avdeling.

Mobiltelefonen vert rekna å ha ei levetid på minimum 3 år. Som hovudregel skal ikkje arbeidsgjevar gi ut ny telefon før det er gått 3 år. Det er fylkeskommunen som eig mobiltelefonen, arbeidstakar har bruksrett til telefonen.

Arbeidstakarar som har arbeidsgjevarfinansiert mobiltelefon får dekt dette etter følgjande retningslinjer:

Ved trong for mobiltelefon i og utanfor tenesta: Inntil kr 500,- i forbruk inkl. 5 GB pr. måned.

Ved trong for mobiltelefon som kontortelefon: Fri bruk inkludert inntil 100 MB pr. måned.

Ved bruk av privat mobiltelefon for pålogging med sterk autentisering: Kr 50,- pr. måned.

Dersom arbeidstakar i samband med tenesta/funksjonen har bruk for breiband, kan arbeidstakar få godtgjersle for dette etter følgjande sats: Inntil kr 500,- pr. måned.

Ved sporadisk bruk av privat mobiltelefon i tenesta kan det gis stønad som eit tillegg i løn på inntil kr 119,- pr. måned til dekning av abonnementsutgifter. Dette er i staden for ein arbeidsgjevarfinansiert mobiltelefon.

Forbruk utover det beløp som er avtalt med arbeidsgjevar skal dekkjast av arbeidstakar.

Arbeidstakarar som ikkje har arbeidsgjevarfinansiert telefon, eller får stønad til privat mobiltelefon, kan få dekt utgifter til nødvendige tenestesamtalar etter spesifisert rekning.

## 4. Vilkår for arbeidsgjevarfinansiert mobiltelefon

Som hovudregel skal mobilabonnement i HFK vere personlege, det skal knytast til ein namngitt person. Ikkje-personlege abonnement vil som regel vere telefonar som er knytte mot bankterminalar, vakttelefonar eller alarmsystem.

Telefonabonnementet skal som hovudregel ikkje nyttast til private samtalar til utlandet eller kjøp av innhaldstenester (som t.d. opplysningstenester, piggdekkoblat, bussbillettar, parkering, overprisa sms/mms, kostnadsbelagt programvare eller andre betalingstenester). Samtalar til teletorg og opplysningstenester, samt meldingar til 4- og 5-sifra nummer vert dekt med inntil kr 1 000,- pr. år, ved forbruk ut over dette skal arbeidstakar sjølv dekke kostnadane.

## 5. Vilkår for mobiltelefon som kontortelefon

Arbeidstakarar skal la telefonen vere igjen på arbeidsstaden ved arbeidstids slutt. Arbeidstakar vil ikkje verte skattlagt ved denne ordninga. Sjå likevel punkt 10, 2. avsnitt, om sporadisk brukstilgang.

## 6. Utlevering av utstyr

Alt utstyr vert utlevert på arbeidstakar sin arbeidsstad. Det er forventa at alt utlevert utstyr vert behandla med varsemd, og som om det var eins eige.

## 7. Defekt telefon, tjuveri av utstyr eller sal av utstyr

Ved defekt eller øydelagt mobiltelefon skal arbeidsgjevar sikre at arbeidstakar får utlevert mobiltelefon. Ein treng ikkje bestille heilt ny telefon eller nyare modell, arbeidstakaren skal utstyrast med ein telefon som dekkjer behovet i tenesta.

Alt tjuveri skal som hovudregel meldast til politiet. Kopi av politimeldinga skal leverast til arbeidsgjevar.

Det er ikkje tillate å selje vidare utstyr som er arbeidsgjevar sin eigedom. Dersom dette skjer, vil det verte sett på som tjuveri og saka vert meldt til politiet.

## 8. Opphøyr

Ved fråvær utan løn må arbeidsgjevar foreta ei konkret vurdering på om det er naudsynt at arbeidstakar får behalde utstyret inntil fråværet eller tilsetjingsforholdet opphøyrer.

Ved løna permisjon eller anna fråvær med løn kan arbeidstakar behalde utstyret gjennom heile fråværsperioden.

Ved fråvær skal normalt økonomisk godtgjersle for mobiltelefon stoppe opp.

Når arbeidstakar som er tilstått ei eller fleire EK-tenester sluttar, eller ikkje lenger fyller formålet for tildelinga, jf. pkt. 1, skal godtgjersla opphøyre. Utstyr eigd av arbeidsgjevar skal leverast inn seinast siste arbeidsdag. Arbeidstakar kan velje å kjøpe ut mobiltelefonen til ein kostnad som byggjer på den faktiske marknadsverdien til mobiltelefonen. Kjenner ein ikkje marknadsverdien skal ein ta utgangspunkt i skattereglane sin takseringsmodell:

Innan 1 år:	80 %
Innan 1-2 år:	50 %
Innan 2-3 år:	20 %
Etter 3 år:	kr 500,-

## 9. Arbeidsgjevar sitt ansvar

Arbeidsgjevar har plikt til å gjennomføre korrekt forskotstrekk og innberetning for sine tilsette. Det er derfor viktig at ein ser om den faktiske bruken av ei arbeidsgjevarfinansiert EK-teneste er i samsvar med det som vert lagt til grunn for forskotstrekk og innberetning.

Arbeidsgjevar skal registrere utlevert utstyr til EK-tenester i HR-portalen på den enkelte arbeidstakar som «Tilleggsgoder», samt gi opplysningar om kva økonomiske rammer utstyret kjem inn under. Dette gjeld også utstyr som nettbrett, lesebrett og berbar pc.

Arbeidsgjevar må også gi melding til HR-løn om kven som er tilstått arbeidsgjevarfinansiert EK-teneste, ved bruk av skjema «Andre meldingar» i HR-portalen.

Den einskilde skule/avdeling skal til ei kvar tid ha tilgjengeleg oversyn over kven som er tilstått mobiltelefon, m.m., og på kva grunnlag.

## 10. Verknad for privatøkonomi

Arbeidsgjevar si dekning av teletenester blir av staten rekna som eit gode, som vert skattlagt etter særlege reglar. Arbeidstakarar som har tilgang til å disponere ei eller fleire arbeidsgjevarfinansierte elektroniske kommunikasjonstenester (EK-tenester), utanfor sin ordinære arbeidssituasjon, får eit påslag i inntekt etter sats fastsett i forskrift til skattelova.

Sporadisk brukstilgang til arbeidsgjevar sine elektroniske kommunikasjonstenester gir ikkje skattepliktig overskot. Vilåret er at bruken ikkje overstig 14 dagar på ein 30-dagars periode, og ikkje meir enn totalt 30 dagar i eit inntektsår. Dersom arbeidsgjevar dekkjer arbeidstakar sine utlegg til tenestesamtalar, og desse er nærare spesifisert etter rekning, kan arbeidstakar få dette skattefritt.

Skattlegging for fordelten av arbeidsgjevarfinansiert EK-teneste skal gjennomførast for alle arbeidstakarar som disponerer ein arbeidsgjevarfinansiert telefon eller andre former for elektroniske kommunikasjonstenester utanfor si vanlege arbeidstid. (Dette vil t.d. vere i arbeidstakar si fritid, og der arbeidstakar har beredskapsvakt osv.). Det har likevel ingen betydning for skattlegginga om det er arbeidsgjevar eller arbeidstakar som står som abonnent. Den faktiske fordelinga mellom privat bruk og bruk i tenesta har heller ingen betydning for skattlegginga.

For meir informasjon sjå også [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no)